


Elveeigarlaget støttar uttale om genbanken.

31.10.2016



Genbak Hardangerfjord hentar fisk i Uskedalselva tidlegare i haust

**Uskedal Grunn- og elveigarlag er eit av knapt 30 lag og organisasjonar i og omkring Hardangefjorden som har sendt fråsegn til Regjeringa om å halda fram med løytinga til Genbanken. Arbeidet er avgjerande for framtida til all villaks og sjøaure i vassdraga i regionane Hardanger og Sunnhordland.**

Bakgrunnen for prosjektet er situasjonen for laks og sjøaure i vassdraga kring Hardangerfjorden. Årsaka til vanskane dei siste åra er samanstte, men det er stor semje i forvaltninga om at auken i oppdrettsbiomasse forklarar noko av situasjonen. Dette er bakgrunnen for at Miljødepartementet i 2013 starta arbeidet med ein genbank for laks og sjøaure, dette som ei mellombels løysing inntil problema i fjorden fekk ei berekraftig løysing.

I framlegg til Statsbudsjett er denne løyvinga stroken. Dermed vert arbeidet stoppa, noko om vil store negative innverknader på arbeidet til mange jakt- og fiskelag og vidare i arbeidet med reiseliv og det å skapa levande bygder med gode omdøme. Uskedalselva har til no vore ei god fiskelev, men framtida er uviss med det store antalet oppdrettsanlegg som er i fjorden. Røming og lakselusangrep har store negative verknader på fiskebestanden i elvane.

Tekst/nett: Kristian Bringedal  
Foto: Genbank Hardangerfjorden